
Saksnr: 2020/75953-4
Saksbehandlar Frank Tore Tveit
Dato: 02.09.2021

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering, Fylkesutvalet, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, Fylkeseldrerådet, Vestland ungdomsutval

Frå: Fylkeskommunedirektøren

Ny Handlingsplan for Universell utforming 2021-2025

Regjeringa la i slutten av august fram ein ny handlingsplan for universell utforming. Planen gjeld frå 2021-2025 og har fått namnet «Bærekraft og like muligheter - et universelt utformet Norge».

Planen er utarbeidd i eit samarbeid der 8 ulike departement har delteke. Visjonen i handlingsplanen er «Eit samfunn der alle kan delta», medan hovudmålet er «Eit samfunn der alle har høve til å leve eit meningsfullt liv, og delta på den måten ein ønskjer».

Under hovudmålsettinga er det satt opp fleire delmål og tiltak innanfor ulike sektorar, som skal vere ledd i å arbeide for å nå visjon og hovudmål i planen. Det er blant anna sett opp 65 ulike tiltak innanfor desse sektorane; transport, samfunns- og arealplanlegging, bygg (bustadar og anlegg), digitalisering, utdanning, arbeid, design og informasjon, og offentlege anskaffingar.

Vedlegg

1 handlingsplan-for-universell-utforming